

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.12.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen,, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Sigmund Eiken

Referent: Kaia Gulbrandsen

**Sak 2017/90: Innkalling og dagsorden; godkjent.**

**Sak 2017/91: Godkjenning av referat frå styremøte 13.11.17; godkjent.**

Kommentar sak 2017/85: Rett sum for aksjepostar skal være 25.000,-.

**Sak 2017/92: Nettsider – forslag om å lage nye nettsider i Wix v/ Marna Roer;**

Marna har laga eit forslag til nye nettsider for Herand – Herand.no og Herand Landskapspark -i eit system som heiter Wix som er tilpassa alle plattformer. Ho har erfaring med systemet frå før, og er villig til å lage desse. Forslaget er at Herand.no primært skal vere for fastbuande, med kalender, lagsinfo, verksemder osb. Landskapsparken skal vere for besøkjande, med overnatting, attraksjonar, mat osb, på norsk og engelsk. Ein kan overføre mykje av det som allereie ligg på dei to nettsidene og lage nytt det som er nødvendig. Styret vedtok at me ynskjer at Marna gjer denne jobben, og at vi legg ut dei nye sidene når dei er ferdige. Gunnar Dalseth vil ta ansvar for oppdatering/drift.

**Sak 2017/93: Førebu val av styret til våren;**

Reidun Haugen Dalseth stilte frå valkomiteen for å ha ein dialog om kva styret tenkjer er behova for å få eit best mogleg styre i Herand Bygdelag frå kommande årsmøte. 4 av styremedlemmene er på val.

**Sak 2017/94: Romjulsbasar – status, ansvarsroller;**

Loddbøker er klar denne veka, Gunnar fordeler desse for sal til alle hus i Herand. Gevinstar kan leverast i kasse på kulturhuset eller til medlem av styret. Styret møter kl. 15.00 den 29.12 for tillaging.

**Sak 2017/95: Status ny butikk – Gunnar orienterer;**

Minstesum for aksjekjøp vil vere 15.000,-. Rundskriv er levert til alle husstandar i Herand og på Facebook. Det er kome tilbakemeldingar på at folk er litt usikre på prosessen. Styret vil be om eit nytt infomøte med Bjørsvik der bygdefolk kan få svar på spørsmål snarast.

**Sak 2017/96: Status opprydding etter tømmerhogst;**

Styret følger opp prosessen rundt opprydding av plassen.

**Sak 2017/97: Dato for samordningsmøte i januar;**

Herand Bygdelag kallar inn alle lag og andre interesserte i bygda til eit samordningsmøte tysdag 16.01.18 kl. 19.00 på kulturhuset.

**Sak 2017/98: Ymse; ingen saker.**

**Neste møte måndag 08.01.18 kl 19.00.**